Jula 1976.

# Barndomsheimen.

Tone: Dei Nordlands vakre flikkor.

1.

Min barndomsheim er liten, men vakkert ligg du der,
det er så rart å tenkje på flekken du har kjær.
Du går på gamle stiger, du ser der bekken gjekk.
og der går blanke elva der du förste auren fekk.

2.

Når det vart vår med godver, og sol i bakkar kom,
da sat vi der å spikka, da vart det flöytelom.
Vi hadde det så godt, inga hugsot eller sut.
det hende nok at soleis vart dagen for oss stutt.

3.

Når vi av far vår lærte å setja grev i jord,
vi tykte det var moro at åkern vaks seg stor.
Vi lærte å röysa steinen så det skulle vera lett,
å löysa han om vinteren med slegge og med spett.

4.

Og mor ho lærte jenta å stoppa hol i sokk,
vi lærte å bruka sneisa, og vi lærte å bruka rokk.
Du hadde tid til alt for du hjelp oss alltid gav,
men ofte vart det natta för du sovna frå ditt kav.

5.

Den store dagen kom da at steinen skulle vekk,
vi vart da krye karen når ein hest vi köyra fekk.
Og messinghjella klinga i vinterlufta klår,
eit vakkert minne er det frå barndomsheimen vår.

6.

Vi lærte å bruka öksa på frosen tenarskog,
vi lærte å gå i fura bak voll og bakkeplog.
Vi lærte å svinga ljåen på tuer og rundt stein,
vi lærte å få til egga med smergel og med hein.

7.

På harepus vi jakta med snarer i hans spor,
du kor det var moro når i sprang vi såg han for.
Vi sette da opp snarer i skigardle og kratt,
og vi i spening dröymde om haren gjekk i natt.

8.

Når v i dagen etter på ski avsted vi for,
vi vona at vi hadde ein pus så fin og stor.
Og når vi framved döra med harepusen stod,
dei mindre kom og granska frå öyro og til klo.

9.

Og ekornfella stod der og åta det var sopp,
ho stod innunder tolla der ekorn rende opp.
Der skal av kongler dryssa på snöen mjuk og kvit,
det var alltid spaning når vi såg eit spor gjekk dit.

10.

Eg minnest godt den dagen eg mitt förste ekorn fekk,
det var ved Utjernbakken i fella stiv han hekk.
Det var tidleg haust, så på rumpa raud han var,
men eg var krye karen da eg heldt han fram for far.

11.

Eg ser det for meg enno da far og eg dit gjekk,
vi skulle henta mose, og vi bar på kvar vår sekk.
Det var på denne turen det store hadde hendt,
at eg frå ville skogen med fangst heim hadde vendt.

12.

Vi hadde plikt med arbeid, det var ei gåva stor,
det var vår gode skole vi fekk med da vi for.
For dette vil med takka deg mor, som no er att,
vi minnest og i takksemd deg far for denne skatt.

13.

Det er så mangt og minnast frå stova grå og låg,
her tok vi förste stega og den blåe himmel såg.
For alt dökk her oss gav vi alltid minnast dökk vi vil,
ein takk frå dökkars 10 til vår mor og far s å snill.

| | | | |
|---|---|---|---|
| Helsing frå | Ola | född | 15/12- 1916. |
| | Oddmund | " | 20/10- 1919. |
| | Magnar | " | 15/9- 1922. |
| | Anna | " | 22/7- 1925. |
| | Reidar | " | 15/3- 1927. |
| | Trygve | " | 12/8- 1928. |
| | Målfrid | " | 3/8- 1930. |
| | Janfrid | " | 3/8- 1930. |
| | Ra gnar | " | 18/3- 1932. |
| | Tea | " | 9/5- 1935. |